


NOKUTs tilsynsrapporter

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga

Oktober 2016



NOKUT 

NOKUT kontrollerer og bidreg til kvalitetsutvikling ved institusjonane. Dette gjer vi mellom anna gjennom å evaluere institusjonane sitt systematiske kvalitetsarbeid. Alle norske universitet og høgskular er pålagde å ha dokumenterte interne system for kvalitetssikring av utdanninga.

Det skal ikkje gå meir enn seks år mellom kvar gong ein institusjon sitt kvalitetssystem blir evaluert.

Institusjonen sitt kvalitetssikringssystem er reiskap for å skaffe seg nødvendig kunnskap for å kunne vurdere kvaliteten i egne utdanningstilbod. Systemet skal brukast for å sikre kontinuerlege forbetringar i utdanningane, avdekkje sviktande kvalitet i utdanninga og dokumentere kvalitetsarbeidet. Det er NOKUT som avgjer kva institusjonar som skal evaluerast. Institusjonane blir varsla om evalueringa minst seks månader før evalueringa startar.

Institusjon:	Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling
Sakkunnige:	Gunn Haraldseid, Høgskolen Stord/Haugesund (leiar) Cecilia Hultberg, Kungliga Musikhögskolan i Stockholm Martin Fredheim, NTNU
Dato for vedtak:	25.10.2016
NOKUTs saksnummer	16/00463

Forord

I følge lov om universiteter og høgskular skal alle institusjonar som tilbyr høgere utdanning ha eit system for kvalitetssikring av utdanninga. NOKUT har fått i oppdrag å evaluere institusjonane sine system for kvalitetssikring. Det skal ikkje gå meir enn seks år mellom kvar gong ein institusjon sitt kvalitetssystem blir evaluert.

Den sakkunnige komiteen som har evaluert system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar besøkte institusjonen 3. mai 2016, og leverte rapporten sin til NOKUT 17. juni 2016.

Komiteen hadde følgjande samansetjing:

- førstelektor Gunn Haraldseid, Høgskolen Stord/Haugesund (leiar)
- professor Cecilia Hultberg, Kungliga Musikhögskolan i Stockholm
- student Martin Fredheim, NTNU

NOKUT ønskjer å takke den sakkunnige komiteen for vel utført arbeid. NOKUT vil også takke alle tilsette og studentar ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling som har bidratt til komiteen sitt arbeid gjennom intervjuar mv.

Denne tilsynsrapporten består av rapporten frå den sakkunnige komiteen og ein uttale til rapporten frå Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling. Begge desse dokumenta var grunnlaget for behandlinga i NOKUT sitt styre 25. oktober 2016, der følgjande vedtak blei gjort:

1. Systemet for kvalitetssikring av utdanningen ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling har vesentlige mangler.
2. Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling gis en frist på ett år til å videreutvikle systemet for kvalitetssikring og sitt systematiske kvalitetsarbeid, samt å sende NOKUT dokumentasjon om endringene.
3. Ved mottakelse av dokumentasjonen vil NOKUT iverksette tilsyn med institusjonens systematiske kvalitetsarbeid i henhold til de på dette tidspunktet gjeldene studiekvalitetsforskrift og studietilsynsforskrift.

Oslo, 25. oktober 2016



Terje Mørland
Direktør

Innhold

1	Evaluering av universitet og høgskular sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda	1
1.2	Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	1
2	Kvalitetssikring og kvalitetsarbeid ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling.	2
2.1	Kort skildring av Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	2
2.2	Kvalitetssystemet ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling.....	2
3	Høgskulen sin bruk av kvalitetssikringssystemet	5
3.1	Studentevalueringar	5
3.2	Studentrådet og studentdemokratiet	6
3.3	Læringsmiljøutvalet.....	7
3.4	Personalmøter	8
3.5	Informasjon til styret og leiinga om kvaliteten i utdanninga.....	8
4	Samla vurdering i lys av evalueringskriteria	10
4.1	Stimulans til kvalitetsarbeid og kvalitetskultur	10
4.2	Mål, plan og forankring i leiinga	10
4.3	Dokumentert informasjon om kvalitet i utdanninga.....	11
4.4	Analyse, vurdering og rapportering.....	11
4.5	Bruk av kunnskap til kvalitetsforbetring	12
5	Konklusjon.....	13
6	Råd frå komiteens for utvikling av kvalitetssikringssystemet	14
7	Vedlegg.....	15
7.1	Program for institusjonsbesøk ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	15
7.2	Dokumentasjon frå Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling	15

1 Evaluering av universitet og høgskular sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda

1.1 Innleiing

I forskrift til *lov om universiteter og høyskoler* heiter det at «Universiteter og høyskoler skal ha et system for sitt kvalitetssikringsarbeid som sikrer kontinuerlige forbedringer, gir tilfredsstillende dokumentasjon av arbeidet og avdekkjer sviktende kvalitet» (§ 2-1, (1)).

Kvalitetssikringssystemet er utdanningsinstitusjonane sin reiskap for å skaffe seg nødvendig kunnskap for å kunne vurdere kvaliteten i eigne utdanningstilbod. Innanfor rammene av lov og forskrift er det institusjonane sjølv som bestemmer korleis systemet skal utformast, ut ifrå eigen storleik, faglege profil og andre forhold ved institusjonen.

Lov om universiteter og høyskoler gir NOKUT i oppgåve å evaluere institusjonane sine system for kvalitetssikring av utdanningsverksemda etter kriterium som organet fastset. NOKUT har gjennomført evalueringar av kvalitetssikringssystem i sektoren sidan 2003 og innleia våren 2009 sin andre runde med slike evalueringar. Evalueringakriteria er no i større grad retta inn mot å vurdere institusjonane sin bruk og nytte av systema.

NOKUT brukar sakkunnige komitear i sine evalueringar. Komiteane skal vurdere om institusjonane tilfredsstillar krava til kvalitetssikring av eigne studietilbod. Ei evaluering av eit kvalitetssikringssystem er såleis ikkje ei fagleg vurdering av innhaldet eller kvaliteten i dei enkelte studia, men ei evaluering av institusjonen sitt systematiske arbeid for å sikre og forbetre slik kvalitet. Den sakkunnige komiteen baserer sine vurderingar på dokumentstudiar og på institusjonsbesøk der komiteen har samtalar med relevante aktørar ved institusjonen.

1.2 Evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

Den sakkunnige komiteen som har evaluert systemet for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling, er samansett av:

- førstelektor Gunn Haraldseid, Høgskolen Stord/Haugesund (leiar)
- professor Cecilia Hultberg, Kungliga Musikhögskolan i Stockholm
- student Martin Fredheim, NTNU

Komiteen besøkte høgskulen 3. mai 2016 og hadde då samtalar med rektor, studentar, tillitsvalde studentar, lærarar, administrativt tilsette, læringsmiljøutvalet og styreleiar. Samtalen med studentgruppa var på videooverføring. Høgskulen fekk utkast til rapport for å kunne korrigere feil og misforståingar, og komiteen har etter dette gjort mindre justeringar i rapporten.

2 Kvalitetssikring og kvalitetsarbeid ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

2.1 Kort skildring av Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling er ein privat høgskule som er organisert som eit samvirkelag med over hundre partseigarar. Høgskulen har som visjon å vera eit leiande kunnskapsmiljø for livskraftige bygdesamfunn, og har som mål å gje eit landsdekkjande tilbod om utdanning og forskning tilpassa behovet til norske bygdesamfunn og bygdenæringar.

Høgskulen held til på Jæren i tilknytning til Rogaland landbrukspark. Det er i alt 9 tilsette ved høgskulen, og av desse er 4,5 årsverk i undervisnings- og forskarstillingar. Frå 2015 har høgskulen ei avdeling i Steigen kommune i Nordland, med éin tilsett. Høgskulen har 45 registrerte studentar. Studia er baserte på samlingar, og høgskulen har samarbeid med Studiesenteret.no, slik at utdanninga er tilgjengeleg for studentar frå heile landet. Studia kan gjennomførast på heiltid eller deltid.

Høgskulen på Jæren blei etablert i 2001 og fekk i 2002 godkjenning frå departementet for to årseiningar som tidlegare blei tilbodne med andre høgskular som eksamensansvarlege. I 2005 skifta høgskulen namn til Høgskulen for landbruk og bygdenæringar, og same året fekk høgskulen løyving over statsbudsjettet. NOKUT har sidan 2005 akkreditert tre årseiningar ved høgskulen, og på grunnlag av 2 desse årseiningane gav departementet i 2010 høgskulen rett til å tildele bachelorgrad. Frå 2010 tilbydde høgskulen bachelor i bygdeutvikling, og dette studiet har skifta namn til bachelor i nyskaping og samfunnsutvikling. Studentar kan også ta enkeltkurs innan dette studiet, slik at kursa *samfunn og utviklingsarbeid, nyskaping og utviklingsarbeid, hest i næring, landskap og utvikling og økonomi og leiing* også kan reknast som eigne studietilbod. Høgskulen skifta namn til Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling i 2012.

I 2013 blei bachelorgradsutdanninga revidert av NOKUT, og styret gjorde følgjande vedtak:

«Steds- og samlingsbasert **bachelorgradsstudium i bygdeutvikling**, med underliggende studier, ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling **tilfredsstillar kravene til studier i første syklus** slik de er utformet i forskrift av 27. januar 2011 om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (tilsynsforskriften) §§ 4-1 – 4-4.»

Høgskulen søkte mars 2016 NOKUT om akkreditering av mastergradsstudium (fellesgrad) International Masters in Innovative Rural and Community Development, og om institusjonsakkreditering som høgskule. Begge søknadane blei avviste.

2.2 Kvalitetssystemet ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

I oktober 2008 vedtok styret i NOKUT at system for kvalitetssikring ved Høgskulen for landbruk og bygdenæringar ikkje kunne godkjennast. Etter ny evaluering, godkjende NOKUT systemet i februar 2010. Komiteen som gjennomførte den nye evalueringa, peika i sin rapport på følgjande område for vidare utvikling av kvalitetsarbeidet:

- *Arbeidet med å integrere kvalitetssikringen av studietilbudene i høyskolens planleggings- og beslutningssystem er i godt gjenge og bør fullføres i tråd med angitte planer.*
- *Arbeidet med å utvikle målstruktur bør videreføres i tråd med høyskolens planer. Høyskolens planer omfatter utarbeidelse av et flytskjema. Komiteen anbefaler at dette følges av en utvidet organisasjonsskisse som ivaretar funksjoner, formelle utvalg og studentenes organisasjoner. Komiteen anbefaler også at det utarbeides et kort og enkelt sammendrag av kvalitetshåndboken, særlig med tanke på medvirkning fra studenter og timelærere.*
- *Høyskolen bør fortsette arbeidet med å integrere timelærere i kvalitetsarbeidet i tråd med foreliggende planer og tiltak.*

På institusjonsbesøket blei det gjort greie for at det etter den førre evalueringa hadde skjedd ei større endring av studieporteføljen. Høgskulen er blitt fagleg spissa mot ein samfunnsvitskapleg profil med vekt på utvikling og nyskaping, og høgskulen tilbyr ikkje lenger studium innan rekneskap og husdyrhald. Det blei opplyst at både tilsette og studentar ved høgskulen har stort engasjement for fagområdet, slik at studentane blir integrert i ein felles kunnskapskultur. Dette gjer også at lærarane heile tida får tilbakemeldingar frå studentar, slik at dei stiller spørsmål ved nytten av ha eit formalisert kvalitetssystem i tillegg til den uformelle dialogen.

Høgskulen nyttar ikkje lenger timelærarar i den ordinære undervisinga. I den grad det fortsatt er andre enn dei fast tilsette som underviser, er det for å bidra med eit spesielt perspektiv.

Endringane som er gjort i høgskulen sidan førre evaluering, gjer at råda frå komiteen ikkje lenger blir vurdert som relevante. Høgskulen sine planar i 2010 var planar for ein institusjon med svært ulike studietilbod og utstrekt bruk av timelærarar.

Overordna orientering frå leiinga

I notat *Overordna orientering frå leiinga vedr. gjennomgang av kvalitetssikringssystemet* trekkjer rektor fram at høgskulen er ein svært liten høgskule i talet på tilsette og studentar, og at den er spissa mot eitt fagfelt – nyskaping/utviklingsarbeid. Vidare blir det slått fast at nivået er høgt, og at alle tilsette skal vera i kunnskapsfronten på fagfeltet. Dette skal sikre at studentane gjennom undervisinga heile tida får det siste frå forskingsfronten. Dei kan også delta i lærarane sine forskingsprosjekt og bidra med eigne prosjekt/utviklingsoppgåver. Høgskulen har utviklingskompetanse som overordna læringsutbytte.

Det blir poengtert at med få personar må alle tilsette gjere mange oppgåver, og det er ikkje rom for stor grad av formalisering og arbeidsdeling. Kwart kurs har ein fagansvarleg, og ein person i fagstaben er offisielt utnemnd som kontaktperson mot studentråd og læringsmiljøutval. Det formelle ansvaret ligg hos rektor.

Det blir vist til at det er god kontakt mellom studentar og lærarar, og til at alle kursa har ein tillitsvald student. Tillitsvalde møter i læringsmiljøutval og studentråd. Dei faste studentevalueringane er sårbare ettersom det er svært få studentar, og framover vil tillitsvalde få større ansvar for å henta inn evalueringsinnspel og kommentarar.

Beskriving av kvalitetssikringssystemet

Høgskulen har ei kvalitetshandbok som inneheld prosedyrar og kvalitetsmål for ulike forhold som gjeld institusjonen, frå organisering og styring til HMS-prosedyrar. Det er ikkje laga ein kortversjon som presenterer dei viktigaste punkta i kvalitetssikringsarbeidet. Eit årshjul viser aktivitetar som studentevalueringar (to gonger i året) og val av studenttillitsvalde.

Kvalitetshandboka er eit dokument som skal reviderast i tråd med dei endringar som skjer. Gjeldande handbok er ikkje blitt oppdatert på alle område. Til dømes blir dei ti kriteria for vurdering av kvalitetssikringssystem som gjaldt i første runde av NOKUT sine evalueringar, presentert. Handboka inneheld også prosedyrar for bruk av timelærarar.

Opplysingar om studentevalueringar finst fleire stader i handboka. Under kapittelet *Kvalitetssikring og utvikling av studiene ved HLB* står at det faglærarar har ansvar for å gjennomføre evalueringar av studia/emna kvart år i desember/januar for å fange opp situasjonar som krev endring. I kapittelet *Evaluering kvalitetssikring* står det at det blir gjennomført ei midtvegsevaluering i desember/januar, korleis denne blir gjennomført og kva ho skal innehalde. Her er sluttevaluering som blir gjennomført i mai/juni omtala som ei tilbakemelding til høgskulen om korleis studiet har fungert, slik at evalueringa kan gi informasjon som skal forbetre framtidig undervisningsopplegg. Det står også at studieleiar på slutten av kvar samling har ansvar for å ta ei evaluering av samlinga. Tilleggsdokumentasjon og institusjonsbesøk stadfestar at det blir gjennomført både midtvegs- og sluttevalueringar, og at faglærarane skal få munnlege tilbakemeldingar frå studentane etter kvar samling. Administrasjonen har ansvar for å utarbeide spørjeskjema og får innspel til spørsmål.

Det er gjort greie for samhandlingsarenaer mellom studentar og tilsette der informasjon om kvaliteten i utdanninga vert handsama. Det blir ført referat frå desse møta, ansvar for oppfølging blir fastsett, og oppfølgingsiltak blir kontrollert på neste møte.

Årleg rapportering til styret

Det blir ikkje laga eigen rapport til styret om kvaliteten i utdanninga. Årsrapportane til styret inneheld i liten grad informasjon om, og vurdering av, kvaliteten i utdanningstilbodet. Rapporten frå 2015 inneheld ingen opplysningar om eller vurderingar av kvaliteten i utdanninga, utover å stadfeste at dei får gode tilbakemeldingar frå studentane, både når det gjeld læringsmiljø og læringskvalitet. Rapporten frå 2014, som er strukturert i forhold til sektormåla, inneheld nokre vurderingar av kvaliteten i utdanninga. Mellom anna blir det trekt fram at studentane får gode karakterar, og at dette resultatet er kvalitetssikra med utstrekt bruk av ekstern sensor. I alle rapportane er det lagt vekt på å presentere forskings- og utviklingsarbeid, og i rapporten frå 2014 blir det også skriva at satsing på forskning av høg kvalitet sikrar studentane undervisning på internasjonalt toppnivå. Rapporten frå 2013 viser til ei omfattande spørjegransking som viste at studentar i all hovudsak er særns nøgde med høgskulen.

3 Høgskulen sin bruk av kvalitetssikringssystemet

I kvalitetshandboka står det at høgskulen har ei rekkje samhandlingsarenaer mellom studentar og tilsette der informasjon som gjeld kvalitetssikring av utdanningsverksemda, kjem fram og blir konkretisert. Eksempel som blir nemnt er månadlege administrative møte, studentrådsmøte og deltaking i styrande organ. Både positive og negative tilbakemeldingar skal registrerast i notat og referat. Eittersom det er referata frå desse møta som dokumenterer høgskulens kvalitetsarbeid, bad komiteen om å få seg førelagt dokumentasjon frå møta. I tillegg ville komiteen sjå døme på studentevalueringar og oppsummeringar av desse.

3.1 Studentevalueringar

Presentasjon

Administrasjonen har ansvaret for at det på slutten av kvart semester blir gjennomført studentevalueringar. Dei får innspel til spørsmål frå lærarane, og utarbeider ei oppsummering av resultatet av evalueringane. Spørsmåla som studentane skal svare på er i hovudsak om korleis dei opplever studiekvardagen. Det er berre nokre få spørsmål om innhaldet i studiet og om korleis studieopplegget bidreg til at studentane når sine mål for læringsutbytte. Det er ikkje spørsmål om korleis studentane opplever lærarane, men studentane nyttar kommentarfeltet til å gje tilbakemeldingar om dei enkelte lærarane.

I handboka blir det gjort greie for ei ordning med at studieleiarane er ansvarleg for å gjennomføre ei evaluering av alle samlingane. Denne har til no vore munnleg og er ikkje blitt dokumentert, i den grad det er blitt gjennomført slik evaluering. Høgskulen skal frå hausten 2016 innføre ei ordning der klassetillitsvalde på slutten av kvar samling skal gjennomføre ei evaluering av opplegget og melde tilbake til fagansvarleg – som ikkje skal vere til stades – om kva som kom fram av tilbakemeldingar frå studentane. Ordninga er blitt prøvd ut i ein klasse våren 2016. Den fungerte bra med unntak av eit tilfelle der den tillitsvalde var fråverande siste dag av samlinga, slik at evalueringa ikkje blei gjennomført.

Alle studentane komiteen hadde samtalar med, hadde vore med på ei eller fleire studentevalueringar, og dei opplevde også at forhold dei hadde meldt tilbake om blei følgt opp. Studentane opplyste også at dei visste kven som er tillitsvalde ved høgskulen, og at dei kunne ta opp saker med desse dersom det ikkje var naturleg å vende seg direkte til høgskulen. Dei var også innforstått med at det ville bli eit nytt evalueringsopplegg frå det neste studieåret. På spørsmål til høgskulen om kven som brukte resultatata frå evalueringane, blei det opplyst at dei blei handsama av læringsmiljøutvalet, og at dei også blei lagt fram på det årlige møtet i lærarstaben der opplegg for det komande studieåret blir drøfta.

Vurdering

Komiteen ser at høgskulen systematisk gjennomfører studentevalueringar, og at det som kjem fram gjennom evalueringane blir følgt opp. Med få studentar er låg svarprosent ei utfordring, og høgskulen har også tatt tak i dette og er i ferd med å innføre ei ordning der studenttillitsvalde etter kvar samling

får ansvar for å gjennomføre evaluering av samlinga utan at fagansvarleg er til stades. Komiteen er einig i at dette kan gi høgskulen betre grunnlag for å få dokumentert informasjon om studentane sine synspunkt på utdanninga. Det er viktig at tilbakemeldingane blir dokumentert, og at det er tydeleg kven som er mottakar av den skriftlege oppsummeringa av evalueringa. Etter komiteen si vurdering kan høgskulen vurdere å late evaluering av samlingane bli ei erstatning for midtvegsevaluering, slik at studentane berre gjennomfører skriftleg sluttevaluering. Fagansvarleg bør ta ansvar for at det blir gjennomført ei evaluering av samlingane også når den tillitsvalde ikkje kan vere til stades.

Dei spørsmåla som blir stilt i evalueringane er hovudsakleg spørsmål om læringsmiljøet og høgskulen si praktiske tilrettelegging for læring. Høgskulen bør i større grad leggje inn spørsmål om innhaldet i undervisinga, slik at høgskulen får informasjon om korleis studieopplegget bidrar til at studentane når sitt læringsutbytte. Dette kan også vere tema for studentane sine tilbakemeldingar etter kvar samling.

3.2 Studentrådet og studentdemokratiet

Føremålet for studentrådet er å vere bindeledd mellom studentar og leiing, og mellom studentar og læringsmiljøutvalet. Rådet skal kome med innspel om organisering av studia og forhold på studiestaden. Rådet er studentane sitt organ for å fremje saker som gjeld studia, og for å bidra til eit godt sosialt miljø blant studentane. Rådet består av tillitsvalde frå kvar klasse. Studiesekretær og rektor har møterett.

Saker som har vore oppe i studentrådet handlar ofte om utfordringar med studiemodellen der nokre studentar er på campus på samlingane, medan andre følgjer samlinga gjennom studiesenteret. Det er også nokre studentar som følgjer samlinga ved å kople seg på heime. Studentrådet meiner at dei studentane som møter personleg, og som dermed bidreg til høgskulen sitt unike læringsmiljø, bør ha ei lågare studieavgift enn studiesenterstudentar.

Studenttillitsvalde som komiteen hadde samtale med under institusjonsbesøket opplyste at det er god dialog mellom fagansvarlege og studentane, og at saker som kjem opp i formelle organ ofte er godt kjent på førehand. Dei tillitsvalde hadde inntrykk av at høgskulen var genuint interessert i tilbakemeldingar frå studentar.

Det blei også informert om at det hadde vore ein studentstyrt prosess der namnet på bachelorgradsstudiet blei diskutert. Både studentar og leiinga nemnde dette som eit døme på studentmedverknad.

Studenttillitsvalde kommuniserer med kvarandre, med andre studentar og med høgskulen, stort sett på e-post. Dei meinte at alle i klassen veit kven som er tillitsvalde, og dei fleste studentane som komiteen hadde samtalar med kunne stadfeste at dei kjende til studentutvalet. Det blei også sagt at dei ikkje har tid til å engasjere seg, og det er litt overflødig å ha ein tillitsvald på kvart kurs.

Vurdering

Leiinga ved høgskulen tek ansvaret for at arbeidet i studentrådet kjem i gang kvart semester, og for at studentrepresentantane til styret og til læringsmiljøutvalet, som er organ universitets- og høgskulelova pålegg høgskulen å ha, blir valde. Studentane veit kven som er tillitsvalde, men dei ga også uttrykk for at dei ikkje har tid til å engasjere seg i studentdemokratiet.

Studieopplegget gjer det lite aktuelt å utvikle eit studentdemokrati som byggjer på at studentane møtest og diskuterer aktuelle saker. Men studentane ved høgskulen er vane med å kommunisere via internett. Det burde difor late seg gjere å få til ein digital arena for studentdemokratiet der lærarane ikkje har tilgang. Både tilsette og studentar ga uttrykk for at leinga ved høgskulen ønskjer tilbakemeldingar frå studentar. Tilbakemeldingar basert på dialog mellom alle studentane ved høgskulen vil kunne gje andre tilbakemeldingar enn dei som kjem fram ved evalueringane, men eit slikt forum kan også gje studentane inspirasjon til å komme med tilbakemelding via dei formelle evalueringane. Saka om namn på studiet kan indikere at det er grunnlag for å skape ein slik arena på permanent basis.

3.3 Læringsmiljøutvalet

Læringsmiljøutvalet består av rektor, to tilsette i undervisings- og forskarstilling og tre studentar. Studentrepresentantane i utvalet er leiar og nestleiar av studentrådet og studentane sin representant i styret. Høgskulen sitt reglement for læringsmiljøutvalet stadfestar, i tråd med universitets- og høgskulelova § 4-3, at studentar og tilsette kvart år vekselvis skal velje leiar blant studentar og tilsette, men dei tre siste åra har ein tilsett vore leiar av utvalet. Høgskulen sitt eige reglement stadfester at oppgåvene til utvalet er å følgje opp at læringsmiljøet er i samsvar med universitets- og høgskulelova, planlegge tiltak retta mot læringsmiljøet, studentane si sikkerheit og velferd, og føre tilsyn med høgskulens oppfølging av studentar med funksjonshemming. Utvalet har ikkje fått utvida mandat til også å ha ansvar for studiekvalitet.

Læringsmiljøutvalet møtes om lag ein gong i semesteret og rapporterer til styret når det finn det tenleg, men minst ein gong i året. Referat frå møta viser at utvalet har handsama saker om studiesenterundervisning, universell utforming, ljoskvalitet ved fjernundervisning og resultat frå studentevalueringar, og også tiltak for at fleire studentar deltek i evalueringane. Årsrapportane frå 2012 og 2011 er ganske likelydande. Dei nemner studentevalueringar og konkluderer med at læringsmiljøet er godt. Rapportane frå 2013 og 2014 tek for seg utfordringar med undervisninga, særleg for fjernstudentar, og rapporten frå 2015 handlar om utfordringar med studentevalueringar.

Under intervjuet blei det bekrefta at læringsmiljøutvalet var mest opptekne av læringsmiljøet ved høgskulen og dei utfordringane som følgjer med studiesentermodellen, i tillegg til studentevalueringar. Det blei ikkje gitt opplæring av nye medlemmer i læringsmiljøutvalet, og det blei også sagt at utvalet ikkje såg behov for slik opplæring.

Vurdering

Læringsmiljøutvalet arbeider til ein viss grad med oppgåver dei er pålagde i lova, mellom anna universell utforming og utfordringar med det tekniske opplegget rundt læringsmiljøet. Komiteen fekk likevel eit inntrykk av at utvalet ikkje hadde heilt klart for seg kva oppgåver dei er pålagde i universitets- og høgskulelova. For å vere i tråd med lova må høgskulen også sjå til at studentar tek på seg oppgåva som leiar av utvalet anna kvart år.

Referata og årsrapportane viser at læringsmiljøutvalet også har ei rolle i å følgje opp studentevalueringar, som i stor grad inneheld spørsmål om læringsmiljøet. Denne oppgåva synest å vere meir sentral for utvalet enn dei oppgåvene som faktisk er lagt i mandatet. Utvalet har fått ei rolle som kjelde for informasjon til styret om kvaliteten i utdanninga, som det ikkje er grunnlag for verken i

det mandatet som høgskulen har gitt utvalet eller i den aktiviteten utvalet kan dokumentere. Dersom læringsmiljøutvalet skal vere det forumet som vurderer kvaliteten i utdanninga, må det gå fram av utvalet sitt mandat frå styret, og utvalet må ha kompetanse til å vurdere studieplanar og kvalitet i utdanninga.

3.4 Personalmøter

Personalmøte (i kvalitetshandboka omtala som administrasjonsmøte) blir halde om lag ein gong i månaden, og alle tilsette ved høgskulen deltek. Faste saker på møta er orientering, forskning/prosjekt, studia og anna. Ut ifrå referata ser det ut til at møtet handsamar flest saker som gjeld forskning/prosjekt. Møtet handsamar i liten grad saker som gjeld sjølve studiet. Av eit referat går det fram at alle studieplanar må oppdaterast før 1. juni, og at studieleiarane må komme med dei punkta dei ønskjer å få med i sluttevaluering som blir sendt ut i mai. Det er noko fleire døme på saker som gjeld studentar. Mellom anna går det fram av eit referat at personalet meinte dei kunne gjere noko med alle forbetringpunkta som kjem frå læringsmiljøutvalet, unntatt ønskje om å unngå samling i vinterferien.

På institusjonsbesøket blir det opplyst at dei fagtilsette kontinuerleg diskuterer faglege spørsmål og innhaldet i utdanninga seg imellom. Kvart år har høgskulen ei samling for kursansvarlege der dei enkelte kursa og samanhengen mellom desse blir diskutert. Det blir ikkje skrivne referat frå denne samlinga, og kvar enkelt kursansvarleg følgjer opp eventuelle endringar i deira kurs. Då komiteen hadde samtale med dei fagansvarlege, blei det erkjent at skriftleggjing av dette ville bidra til å sikre eit institusjonelt minne.

Vurdering

Personalmøta synest å vere ein høveleg arena for å ta opp saker som vedkjem studentane og læringsmiljøet, men fungerer ikkje som ein arena for utvikling av studiet. Som det kom fram under intervjuet, er det ein eigen uformell arena mellom dei fagtilsette som kvart år diskuterer kva som må endrast i studieplanane. Dersom dette møtet framleis skal ha denne oppgåva, må dette formaliserast som eit organ ved høgskulen, og det må få mandat frå styret til anten å fastsetje studieplanane eller å gi råd til styret om dette. Slik formalisering inneber også at det må vere studentrepresentasjon i dette organet.

3.5 Informasjon til styret og leiinga om kvaliteten i utdanninga

Presentasjon

Av kvalitetshandboka går det fram at styret har ansvar for å lage studieplanar (og eksamensreglement) i samsvar med offentleg godkjente reglar. Det er ikkje gjort greie for kva organ styret har delegert ansvaret for studieplanar til.

Av møtoreferata går det fram at alle styremøta inneheld posten «rektor orienterer», og under denne posten blir det mellom anna orientert om utvikling av nye studietilbod og søknadar til NOKUT. Dei fleste orienteringane gjeld forskings- og utviklingsprosjekt, og dei fleste vedtakssaker gjeld årsrekneskap og årsmelding/val av revisjon. Rapport frå læringsmiljøutvalet har vore sak på møte i

perioden 2012 til 2016 med det vedtaket at styret tek rapporten til etterretning. Slik det ser ut av styrereferata er det berre ei sak i denne perioden som gjeld kvalitet i utdanninga, og det er at styret i 2011 vedtok å ta midtvegsevaluering til etterretning. Det er ingen saker som viser at styret har handsama studieplanar. Under institusjonsbesøket kom det fram at leiinga og styret reknar rapporten frå læringsmiljøutvalet som hovudkjelda for informasjon om kvalitet i utdanninga.

På spørsmål om leiinga fekk tilbakemeldingar frå andre kjelder enn studentane, blei det opplyst at det kvart år er dialog med eksterne sensorar i samband med eit arrangement der studentane skal leggje fram si bacheloroppgåve for vurdering. Vidare er det tett dialog med mange samarbeidspartnarar der dei også gir innspel til utviklinga av studietilboda. Høgskulen har også god kontakt med tidlegare studentar og har god kunnskap om kva nytte dei har hatt av utdanninga. Denne kunnskapen blir også brukt til å marknadsføre utdanninga.

Styret synest å vere mest oppteken av økonomiske spørsmål og av kva forskning høgskulen er involvert i. Styreleiar meinte at styret kunne vere sikre på at utdanninga hadde høg kvalitet, og at ikkje noko gjekk under radaren. Samstundes framheldt styreleiar at med den veksten som høgskulen er inne i no, er det naudsynt å styrke administrasjonen av studiet, mellom anna for å kunne sikre og dokumentere kvaliteten i studia. Styret ville derfor styrkje administrasjonen med ei stilling.

Vurdering

Etter komiteen si vurdering er rapporten frå læringsmiljøutvalet ikkje ei tilstrekkelig kjelde for styret for informasjon om kvaliteten på utdanningstilboda. Utvalet har ikkje fått delegert myndigheit og kompetanse til å godkjenne eller gje innspel til studieplanar, og det er ikkje noko som dokumenterer at utvalet har handsama slike saker.

Det er ingen døme på at sikring og utvikling av studietilbodet ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling er basert på dokumentert informasjon om kvaliteten i tilboda. Høgskulen manglar ein formell arena for å vurdere og godkjenne studieplanar, også for å vurdere om studieplanane til ei kvar tid er i samsvar med studietilsynsforskrifta og dei vilkår som gjeld for den akkrediteringa høgskulen har fått. Dette kan hengje saman med at høgskulen manglar administrativ støtte på dette området. Høg kompetanse og gode faglege nettverk er ikkje tilstrekkeleg for å sikre kvaliteten i studietilboda. Det er mogeleg at dei uformelle nettverka som lærarane deltek i, sikrar relevans og oppdatert fagleg innhald i studia, men det må dokumenterast korleis dette bidreg til å kvalitetssikre dei enkelte studietilboda. Slik arbeidet med studieplanutvikling er organisert og dokumentert, er det ein risiko for at studia ikkje fyller alle dei formelle krav som er sett til eit studium..

4 Samla vurdering i lys av evalueringskriteria

4.1 Stimulans til kvalitetsarbeid og kvalitetskultur

Om institusjonen stimulerer til engasjement for kvalitetsarbeid blant tilsette og blant studentar og deira demokratiske organ

Høgskulen legg vekt på den nære kontakten mellom studentar og tilsette som eit lite miljø kan invitere til, og meiner at dette saman med den koplinga til forskning og internasjonale nettverk som undervisinga har, sikrar høg kvalitet i utdanninga. Derimot fikk komiteen inntrykk av at det er lite fokus på og interesse for systematisk kvalitetsarbeid. Verken leiinga eller dei som underviser synest å vere opptekne av det formelle systemet, men tok til seg uformelle tilbakemeldingar frå studentane og andre aktørar som gir innspel til utdanninga. Ein konklusjon er derfor at dei aspekta som høgskulen sjølv verdset, må kunne beskrivast på ein slik måte at dei kan inngå i kvalitetssikringssystemet for å bidra til å systematisk sikre og utvikle kvaliteten.

Høgskulen har lagt til rette for at det er ei ordning for studentdemokrati, og det synest som om studentane veit kven som er tillitsvald i deira klasse. Utover dei formelle møta i studentråd, læringsmiljøutval og i høgskulens styre, er det liten aktivitet i studentorgana. Dette skuldast at studentane berre er til stades ved høgskulen når det er samlingar, og at dei som er studentar stort sett er vaksne som arbeidar ved sidan av studiet og ikkje har tid til å engasjere seg. Etter komiteen sin vurdering kunne likevel høgskulen prøvd å stimulere til eit nettbasert studentengasjement. Studentane er vane med å følge førelesningar og anna undervising på nett, eller ha kontakt med studentar som ikkje har høve til å møte på samlingane gjennom nettet. Det kunne derfor vore gode moglegheiter for å få til eit fungerande studentdemokrati – på tvers av dei ulike klassane – over nettet.

4.2 Mål, plan og forankring i leiinga

Om mål, ansvar, prosessar og aktørar som inngår i kvalitetssystemet er klart gjort greie for (systemet si strukturelle oppbygning), og korleis systemet for kvalitetssikring blir utvikla i tråd med institusjonen sitt behov

Kvalitetshandboka beskriv nokre prosedyrar og rutinar som inngår i det systematiske kvalitetsarbeidet, men i hovudsak inneheld ho beskrivingar av administrative rutinar, og det er sett nokre mål for dei administrative rutinane. I studiekatalogen er *utviklingskompetanse* sett som overordna læringsutbytte for utdanningsverksemda.

Handboka inneheld ein del utdatert informasjon, og presentasjon av NOKUT sine kriterium frå første runde med evaluering av kvalitetssystem er eit døme på dette. Av dei aktivitetane som er beskrivne, kan berre studentevalueringar og rapportering frå læringsmiljøutvalet til styret reknast som aktivitetar som inngår i eit kvalitetssikringssystem. Det er rimeleg klart kven som har ansvar for desse prosessane, men det verkar noko uryddig at studentevalueringane blir omtala fleire stader med noko ulike formuleringar. Korleis evalueringane saman med andre aktivitetar inngår i eit kvalitetssystem, er ikkje tydeleg.

Generelt inneheld handboka ein del uklare formuleringar, til dømes om samhandlingsarenaer og om systematisk innhenting av informasjon. Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling er ein liten

høgskule, med mykje uformell kontakt. Sjølv om mange nødvendigvis må ha mange oppgåver, bør det likevel gjerast tydelegare kva roller og ansvar dei ulike aktørane har i kvalitetssystemet. Samstundes bør fleire av dei prosessane som faktisk skjer, bli definert som prosessar som heng saman i eit kvalitetssikringssystem, og bli beskrivne i kvalitetshandboka.

4.3 Dokumentert informasjon om kvalitet i utdanninga

Om sikring og vurdering av kvaliteten i kvart enkelt studium byggjer på dokumentert informasjon som systematisk blir innhenta frå fleire kjelder, og om det er særskilte prosessar for å kvalitetssikre oppretting av nye studium

Studentevalueringar synest å bli gjennomført systematisk, og det har skjedd ei utvikling av desse slik at evalueringane skal kunne gje leiinga betre informasjon om kva studentane meiner om studietilboda. Oppsummeringane frå studentevalueringar er den einaste skriftlege kjelda som gir dokumentert informasjon om kvaliteten i utdanninga. Evalueringane fokuserer i stor grad på spørsmål om læringsmiljøet. Fleire spørsmål om korleis studieopplegget bidreg til at studentane når sitt læringsutbytte, vil gje høgskulen meir relevant informasjon som grunnlag av utvikling av studietilbodet. Denne kunnskapen kunne nyttast til å vurdere om utdanninga bidreg til utviklingskompetanse.

Det er ikkje dokumentert korleis studentevalueringar blir brukt i den årlege gjennomgangen av studia. Kunnskapen om studia er forankra i lærarstaben og i leiinga, men det er ikkje tydeleg for nye lærarar eller andre kva som er gjort av vurderingar av kvaliteten i utdanninga. Når tilbakemeldingar og oppfølging av desse ikkje er dokumentert, og det heller ikkje er dokumentert kva som ligg til grunn for endringar i studieplanar, er det vanskeleg å få til institusjonelt minne og læring i organisasjonen.

Vidare så er det ingen systematikk i bruken av nøkkeltal som gjer at det er lett å samanlikne og sjå utviklingstrekk, og det er lite analyse av data. I rapportane til styret er det berre utsegner som "gode tilbakemeldingar frå studentar" – og det er ingen dokumentasjon eller eksempel på kva som skaper god kvalitet i utdanninga. Kva som ligg i *Gode tilbakemeldingar frå studentar* bør utdjupast.

Lærarane opplyser at dei har dialogar med eksterne sensorar, og brukar tilbakemeldingar frå desse i vidareutviklinga av utdanninga. Dei har også eit stort nettverk av samarbeidspartnarar som gir tilbakemeldingar. Også tidlegare studentar blir følgt opp av høgskulen, slik at høgskulen har kunnskap om kva studentane gjer etter at dei er ferdige med utdanninga, og kva nytte dei meiner å ha fått av utdanninga. Alt dette er tilbakemeldingar som bør dokumenterast og inngå i kvalitetssikringssystemet.

4.4 Analyse, vurdering og rapportering

Om analyse, vurdering og rapportering: om den informasjonen som systemet genererer blir analysert, vurdert og framstilt for ansvarlege fora og leiarnivå

Studentane sine tilbakemeldingar blir systematisert av administrasjonen og formidla til læringsmiljøutvalet og til styret gjennom læringsmiljøutvalet sine rapportar og orientering frå rektor. Høgskulen sine årsrapportar til styret frå 2013, 2014 og 2015 inneheld lite relevant informasjon om studia og kvalitetsarbeid og har mest fokus på forskning og utvikling. Det er ikkje døme på at styret har vedteke studieplanar, men dette har vore orienteringspunkt.

Det er ikkje tilstrekkeleg gjort greie for korleis styret og rektor brukar kvalitetssystemet til å danne seg eit bilete av kvaliteten på studia. Når det ikkje ligg føre nokre analysar eller vurderingar av kvaliteten på studia basert på systematiske tilbakemeldingar, stiller komiteen spørsmål om korleis leiinga og styret kan få innsikt i dei utfordringane som høgskulen har for å sikre og forbetre kvaliteten. Vidare bør kunnskapen meir systematisk nyttast til å dokumentere og synleggjere alt som er bra i studiet, utover det å slå fast at studentane er nøgde.

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling har ikkje myndigheit til sjølv å etablere studium, men dei skal likevel kunne gjere mindre endringar i studieplanen og studieopplegget. Det er ikkje noko formelt organ som har ansvar for dette, og det er ikkje rutinar for kva informasjon som ligg til grunn for dei endringar som blir gjennomført. Komiteen fekk opplyst at lærarstaben kvar år har eit møte for å planleggje og justere studieopplegg og studieplanar. I dette arbeidet har dei med seg både formelle studentevalueringar og uformelle tilbakemeldingar frå andre kjelder.

Komiteen meiner at styret må gje tydeleg delegasjon av vedtaksmyndigheit til det organet som skal fastsetje studieplanar, og sørge for at organet har kompetanse til å vurdere om studiet er i samsvar med gjeldande regelverk og med det som låg til grunn for NOKUT si akkreditering av studiet. Dette kan høgskulen gjere anten ved å formalisere det årlege lærarmøtet eller ved å leggje slik myndigheit til læringsmiljøutvalet. Dersom styret sjølv vil godkjenne studieplanane, kan det delegerere til eitt av desse organa å lage tilråding til styret. Komiteen er einig med styreleiar i at høgskulen treng å få styrkja si administrative støtte for å kunne sikre og dokumentere kvaliteten i utdanninga.

4.5 Bruk av kunnskap til kvalitetsforbetring

Om tiltak for forbetringar blir sett i gang på grunnlag av kvalitetsanalysar

Komiteen har inntrykk av at høgskulen alltid følgjer opp dei konkrete tilbakemeldingane som kjem frå studentane, men det er ikkje dokumentert at det blir gjennomført forbetringar på grunnlag av analysar. Dei forbetringar som er gjennomført gjeld i hovudsak studentane sitt læringsmiljø.

Høgskulen utarbeider ingen analysar av kvaliteten i utdanninga. Dermed er heller ikke dei årlege endringane i studieopplegget, basert på skriftlege analysar av kvaliteten i utdanninga.

5 Konklusjon

Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling er kjenneteikna av at studentane har tett kontakt med lærarane og med den forskinga og dei prosjekta lærarane deltek i. Studentane har alltid nokon å spørje både om faglege og praktiske utfordringar dei møter i studiekvardagen. Tilbakemeldingar frå studentane – anten dei kjem gjennom studentevalueringar eller gjennom uformelle dialogar – blir følgt opp. Komiteen har vurdert det systematiske kvalitetsarbeidet og korleis dette blir brukt til å utvikle og sikre kvaliteten i utdanninga. Komiteen ser verdien av at høgskulen har høg akademisk kompetanse, god FoU-produksjon og internasjonalt fagleg samarbeid, og at dei har ei tett og uformell oppfølging av studentane, men dette garanterer ikkje høg kvalitet i studietilbodet. Tiltrua til nytten av eit formalisert system for å utvikle kvaliteten i utdanninga har til no ikkje vore stor, og dermed har høgskulen i liten grad beskrive og implementert eit system for kvalitetssikring som dokumenterer kvaliteten. Lite fokus på eit formalisert system blir også spegla i kvalitetshandboka, som verken er oppdatert eller har eit innhald som er relevant for den systematiske sikringa av kvaliteten i utdanninga.

Høgskulen poengterer sjølv at den gode dialogen mellom dei tilsette om faglege spørsmål bidreg til kvalitetsutvikling, men ut ifrå eit systemperspektiv er dette berre relevant dersom det blir dokumentert og beskrive som ein del av kvalitetssikringssystemet. Høgskulen sitt systematiske kvalitetsarbeid bør kunne byggje på den gode dialogen, men dette må dokumenterast. Høgskulen har ein fast arena for utvikling og godkjenning av studieplanar for det komande studieåret som ikkje har noko formelt mandat, og som heller ikkje dokumenterer dei endringane dei initierer. Høgskulen har jamleg dialog med eksterne sensorar om studieopplegget og får mange tilbakemeldingar frå eksterne samarbeidspartnarar som ikkje er dokumenterte. Vidare har høgskulen oversikt over kva tidlegare studentar arbeider med etter dei er ferdige med utdanninga. Dette er element som bør beskrivast og inngå i den systematiske kvalitetssikringa av utdanninga. Høgskulen vil då ha eit dokumentert grunnlag for å kunne gje styret informasjon om kvaliteten i utdanninga, og om i kva grad studentane når høgskulen sitt overordna læringsmål om utviklingskompetanse.

Komiteen finn formaliseringa og dokumentasjonen av kvalitetssikringsarbeidet så mangelfull at det må reknast som en vesentleg mangel ved kvalitetssikringssystemet (jamfør § 2-2 (3) i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høgere utdanning og fagskoleutdanning). Komiteen sin konklusjon er at systemet for kvalitetssikring av utdanninga ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling ikkje bør godkjennast.

6 Råd frå komiteens for utvikling av kvalitetssikringssystemet

Godkjenning og utvikling av studieplanar

Høgskulen bør prioritere å formalisere ansvaret for godkjenning og utvikling av studieplanar. Organet som får denne oppgåva, bør tilførast administrativ kompetanse som kan støtte opp om arbeidet med å sikre og utvikle studietilboda i samsvar med gjeldande regelverk.

Dokumentasjon av informasjon

Høgskulen bør prioritere å dokumentere dei tilbakemeldingane som høgskulen får frå eksterne sensorar, eksterne samarbeidspartnarar og tidlegare studentar. Tilbakemeldingane bør inngå som grunnlag for vedtak om godkjenning og utvikling av studieplanar.

Beskriving av det systematiske kvalitetsarbeidet

Høgskulen bør prioritere å beskrive alt som skjer av systematisk kvalitetsarbeid ved høgskulen, og kven som har ansvar for at ulike aktivitetar blir gjennomført. Det er særleg viktig å synleggjera korleis informasjon blir samla, analysert og nytta til kontinuerleg utvikling av studiekvaliteten, og korleis styret får informasjon om kvaliteten i utdanninga. Heile kvalitetshandboka bør gjennomgåast, slik at alt innhaldet er relevant og oppdatert.

Studentdemokrati

Høgskulen bør saman med studentutvalet vurdere om høgskulen kan få til eit meir aktivt studentdemokrati, gjerne basert på nettbasert kommunikasjon.

Studentevalueringar

Høgskulen bør vurdere å inkludere i studentevalueringane fleire spørsmål om korleis studieopplegget og undervisninga bidreg til at studentane når sitt læringsutbytte. Når ordninga med evaluering etter kvar samling er implementert, bør høgskulen vurdere om denne ordninga kan erstatte midtvegsevalueringa.

7 Vedlegg

7.1 Program for institusjonsbesøk ved Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

Tysdag 3. mai

Tidspunkt	Møte med
08:00–09:30	Leiinga – rektor og organisasjonsleiar
09:45–10:15	Møte med studenttillitsvalde
10:30–11:00	Møte med læringsmiljøutvalet
11:00–11:45	Lunsj
11:45–12:30	Møte med studentar
12:45–13:30	Møte med lærarar
13:45–14:15	Møte med administrativt tilsette
14:30–15:00	Møte med styreleiar
15:30	Kort tilbakemelding til leiinga

7.2 Dokumentasjon frå Høgskulen for landbruk og bygdeutvikling

Dokumentasjon motteke 1. mars 2016:

- Overordna orientering frå leiinga vedr. gjennomgang av kvalitetssikringssystemet
- Kvalitetshandbok
- Skriv om eksamen og førebuing av samlingar
- Årsrapportar 2013 – 2015
- Referat frå læringsmiljøutvalet
- Agenda for administrasjonsmøte
- Studieplan for bachelorstudiet nyskaping og samfunnsutvikling
- Læringsutbytte BA i nyskaping og samfunnsutvikling
- Studiekatalogen 2016/17

I tillegg har komiteen hatt tilgang til referat frå styremøter, studentrådsmøte og personalmøte, årsrapportar frå LMU til styret, og sett døme på studentevalueringar.

7.3 Merknader til rapporten frå Høgskolen for landbruk og bygdeutvikling

HLB har følgjande kommentar til rapporten:

Under den hyggelege vitjinga hos oss, understreka representantar for komiteen at HLB skal utforma eit kvalitetssikringssystem som er tilpassa våre behov. Det er me samstemte om her at me faktisk har. Ja, me har ein meir munnleg kultur enn det som vil vera naturleg på ein stor institusjon med mange tilsette og mange ulike utdanningsløp. Men det er ein klar grunn for dette: Hos oss er det maksimum 10 meter mellom kvar tilsett. Det sit seks menneske på gangen her, som alle snakkar saman mange gongar i løpet av ein arbeidsdag. Me har og *ei* utdanningsline, og heller ingen planar om å utvida i breidda.

Vår kvalitetssikring har no fungert over mange år utan eit einaste døme på kvalitetssvikt. Seks år utan eit einaste tilfelle av svikt er ikkje tilfældigheiter. Me har og jamlege kvalitetsundersøkingar blant studentane, og tilbakemeldingane har jamt over vore særst gode.

Me er samde i at meir kan dokumenterast, og me vil retta oss etter tilrådingar i rapporten. Me vil likevel påpeika at omfattande formalitets- og rapporteringskrav faktisk gjer det vanskelegare for ein liten aktør som oss å gjera det NOKUT vil ha oss til å gjera: laga eit kvalitetssystem som er tilpassa HLB som institusjon.

Me meiner difor framleis at rapporten er for opphengt i formalitetskrav og at komiteen gjev for lite annerkjenning til eit kvalitetsarbeid som faktisk *er* tilpassa HLB som institusjon.